




Årsmelding 2015

2015 er det niande driftsåret til Aardalens Venner.

Medlemmar i laget



Heller ikkje i 2015 har det lukkast å auke medlems-talet til det nivå ein hadde tidlegare (t.o.m. 2011). Derfor er det også siste året berre 26 betalande medlemmar, dvs. som i 2014. Firmamedlemskap har ikkje vore teikna dei siste fire åra.

Kva som er den underliggende årsaka til lågare medlemstal, er uklart. Kanskje kan det ha litt å seie at reparasjonsarbeida i Årdalen ikkje har hatt same framdrifta som i tidlegare år.

Økonomisk gjev medlemskontingenten lite bidrag til drift og vedlikehald. Likevel er støtte i lokalsamfunnet og frå personar som har tilknytning til Årdalen, viktig for arbeidet vidare. Takk til alle som støttar arbeidet!

Styret i Aardalens Venner

Styret på fem personar har vore uendra sidan 2009; fire har vore i styret sidan oppstarten i 2006:

- Jan Hammersvik, leiar
- Kaare Aardal, nestleiar
- Terje Hovden, kasserar og skrivar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Atle Nøstdal, styremedlem

Styret har i 2015 hatt berre eitt styremøte.

Det hadde vore positivt med ei viss fornying i styret, gjerne i samarbeid med andre organisasjonar. God framdrift i attståande arbeid krev nye krefter.

Økonomisk støtte

Siste året har vennelaget motteke kr 3 060,- i godtgjersle frå Statens Landbruksforvaltning i samsvar med skjøtselsavtala med Fylkesmannen.

Arbeid siste året

I 2015 har aktiviteten vore avgrensa til dugnadsarbeid av nokre av styremedlemmane.

Siste året er gardenene som høyrer til huset vaska og hengde opp. Arbeid elles har stort sett vore avgrensa til oppsetting og tilsyn av gjerder. Slåttearbeid vart gjennomført så langt ein makta. Dette arbeidet blir følgt opp kvart år av fylkesmannen.



Økonomi

Resultatrekneskapan for Aardalens Venner er lagt ved på neste side. Både fylkesmannen og Statens Landbruksforvaltning har stilt seg positive til å støtte vidare arbeid på bygningane i Årdalen.

Slektsstemne

25. juli var det eit slektstreff i Årdalen. Det var Elise Aadal som i høve eigen 60 års-dag samla slekta på småbruket der hennar slektsrøter kom frå. Aardalens Venner stilte opp for å orientere, svare på spørsmål, og servere kaffi og sveler.

Mange avslutta besøket med ein tur via Rydjajorda og Libberstøylen til Libbera, Geitahornet og langs Høgegga til Liset, alt i fint vêr. På kvelden heldt dei basar der inntekta på kr 2 159,- vart overført til Aardalens Venner.

Friluftsgudsteneste

Det vart inga friluftsgudsteneste i Årsalen 2015.

Til slutt


Alle gode krefter er velkomne i vennelaget for å ha god framdrift i vedlikehalds- og skjøtselsarbeid.

Minner om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne. Takk til Inge Bakke og Håkon Berstad som gjennom mange år har revidert rekneskapan til laget.

Selje, 5. mars 2015

For styret i
Aardalens Venner

Jan Hammersvik
leiar



Resultatrekneskap 2015

Rekneskapsperiode: 1.1. – 31.12. 2015

		Debet	Kredit
Inntekter:			
Medlemskontingent - enkeltmedlemmar	kr	2 500,00	
Statens Landbruksforvaltning – tilskot skjøtsel	kr	3 060,00	
Basargåve	kr	2 159,00	
Renteinntekter	kr	11,00	
Utgifter:			
Leige lokale årsmøte	kr		500,00
Servering årsmøte og samling i Årdalen 2015	kr		1 153,90
Kopiering (2014)	kr		720,00
Bankgebyr	kr		9,00
Sum transaksjoner 2015	kr	7 730,00	2 382,90
Differanse inntekter – utgifter i 2015	kr	5 347,10	

Status

		Pr. 31.12.-14	Pr. 31.12.-15
Behaldning brukskonto 3790 13 23209	kr	20 698,44	26 045,54
Behaldning tilskotskonto 3790 13 97784	kr	3,00	3,00
Auke i kontantbeholdning 2015	kr	5 347,10	
	kr	26 048,54	26 048,54

Selje, 12.2.2016

Terje Hovden
Kasserer (sign.)